

## FAU møte 7.2.

Referent Lisbeth Sjursen

Tilstades: Hege Hellen (10B), Lisbeth Sjursen (10A), Cecilie Dale Hella (10A), Silje Sudman (10B), Sandra Olsvoll (9B), Silje (9C), Bjørn Gripsgård Knudsen (8A), Martin Øren (9C), Therese (8B), Linn (8B), Eli (10C), Linda (9B).

Meldt fråfall:

Magni Dyrøy (8A), Randi Skauge, Siv Bøhn, Tore Gripsgård Bjorset,

- 1) Informasjon frå rektor ang sak i avisa om spesialundervisninga på skulen, og tilsynsrapport. Tilsynsrapporten finn brot på alle tema i tilsynet. Statsforvaltaren har gitt skulen pålegg om å rette opp korleis dei etterlever regelverket på 16 punkt, fordelt på tre emne. Kommunen må setje i verk tiltak for å rette desse brota, og gjere greie for korleis dei har gjort det innan 25. april. Tiltak iverksett: tettare samarbeid mellom skule, PPT og skuleeigar. FAU ber om at rektor kjem på møte med FAU og fortel om tiltaka etter 25. april.
- 2) Spørsmål frå føresette på 10. trinn om å la køyreskuler får bruke skulen sine lokalar til trafikalt grunnkurs, etter skuletid. Rektor har fått saka, og ber FAU uttale seg. FAU ønskjer ikkje å velje køyreskule på vegne av føresette, så dette er ikkje noko FAU jobbar vidare med.
- 3) Status arbeid med ny skule: Brev er sendt til politikarane i Alver, frå FAU. Prosjekteringsmidlar sett av i budsjett for 2022. Eiga gruppe i FAU jobbar med denne saka, med Bjørn Knudsen Gripsgård som leiar. FAU er opptatt av framdriften i denne saka.

Områdeplan for Langeland (der ny skule er tenkt plassert) er ute til høyring, og FAU vil jobbe med ein uttale. FAU etterlyser og plan for eksisterande skule og overgangen til ny skule hos kommunen, og ønskjer ei tidslinje for arbeidet framover.

FAU prøvde og å få kommunen til å sette av midlar til drift av skulen i fasen før ny skule, dette er i følgje rektor ein vanskeleg skule å drive grunna blant anna bygningsmasse. Manglande spesialrom er og eit problem ved skulen, samt vedlikehald og plassmangel.

- 4) FAU stiller spørsmål rundt organisering av kroppsøvningsfaget, grunna manglande gymsal. Grasdalen, Meland Aktiv og Folkehøgskulen vert brukt. Får elevane nok timetal i desse faga? Vi reagerer og på ein del avspasering av fysisk-timar (og andre timar), utan at dette står på vekeplan. Nokre

elevar får eigentrening i kroppsøving, er dette grunna manglande fasilitetar?

- 5) Korleis blir det på MUSK dei neste 5 åra (minst) før ein ny skule kjem. Skulen er allereie full, og det kjem store kull dei neste åra. Korleis er dette tenkt organisert?
  
- 6) Organisering av skuleball 18.2. Eiga gruppe jobbar med dette, saman med elevrådet. FAU har ansvar for vakthald og mat, saman med klassekontaktar, og hjelper elles til med det elevrådet treng.

Punkt 1, 4 og 5: FAU inviterer til dialog med rektor rundt desse sakene, på neste møte